



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Dok.nr. 122

Sjå nedanfor

ARKIVKOPPI

Dykkar ref.

Vår ref.

Dato

200705911 EO MHG/mbb


14.11.2007

Offentleglova utsett eit halvt år

I høyringsbrevet 4. september 2007 om forskrifta til den nye offentleglova vart det opplyst at departementet tok sikte på at den nye offentleglova skal gjelde frå 1. januar 2008. Departementet har motteke svært mange og omfattande høyringsfråsegner og treng meir tid enn tida fram til årsskiftet for å gjennomføre ei forsvarleg vurdering av alle dei spørsmåla som er tekne opp i høyringsfråsegnene. Fleire høyringsinstansar, særleg instansar som ikkje har vore omfatta av gjeldande lov, men som vil bli omfatta av den nye lova, har også gitt uttrykk for at tida fram til nyttår ikkje er tilstrekkeleg til å gjere dei førebuingane som skal til før dei kan ta til å praktisere lova. Særleg gjeld dette for verksemder som først ved fastsetjinga av forskrifta får avklart om dei skal vere omfatta av lova eller ikkje.

Justisdepartementet tek difor no sikte på at forskrifta skal fastsetjast før påske, og at den nye offentleglova skal tre i kraft 1. juli 2008. Ein tek sikte på at ein rettleiar om lova og forskrifta og anna informasjons- og kursmateriell skal liggje føre ved påsketider. Utsetjinga inneber ei tilsvarende utsetjing av tenesta med ein offentleg elektronisk postjournal ("OEP").

Med helsing


Knut Helge Reinskou
avdelingsdirektør


Magnus Hauge Greaker
lovrådgivar

Adressatar: Brevet her er sendt til adressatane for høyringa 4. september 2007 og til andre som har gitt fråsegn under høyringa.

Postadresse
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 42

Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.: 972 417 831

Lovavdelinga
Telefaks
22 24 27 25

Saksbehandlar
Magnus Hauge Greaker
+ 47 22 24 53 87